



Årsmøte

Sotra Volleyballklubb

Tid: Torsdag 04. april kl. 18:00 - 19:30

Stad: Digitalt møte på Teams

Alle medlemmar i Sotra Volleyballklubb får invitasjon/innkalling til årsmøtet.
Du må vera meldt inn i klubben gjennom Min Idrett for å kunna delta på møtet.
I årsmøtet vert det brukt både nynorsk og bokmål i tekstar.
Årsmeldinga vert lagt ut på heimesida fredag 22 mars.

Vel møtt!

Mikael Tangen
Styreleiar Sotra Volleyballklubb

Møvik
26.03.2024

Saker:	3
Orientering om sakene:	4
1. Godkjenning av frammøtte og stemmerett	4
2. Godkjenning av innkalling, sakliste, møtereglar og forretningsorden	4
3. Val av:	4
a) Dirigent	4
b) Sekretær	4
c) To representantar til å skriva under protokollen	4
4. Årsmeldinga til Sotra Volleyballklubb 2023	4
5. Årsrekneskap 2023	5
6. Budsjettforslag 2024	5
7. Kontingent og treningsavgift	5
a) Kontingent	5
b) Treningsavgift	5
8. Innsendte saker/orienteringar	5
9. Lovnorm for idrettslag	6
10. Val av:	7
a) Styre	7
b) Kontrollutval	7
11. Andre val	7
a) Valnemnd	7
b) Utsendingar til årsmøte i Øygarden idrettsråd	7
c) Utsendingar til årsmøte i Hordaland Volleyballregion	7
d) Utsendingar til årsmøte i forbundsstyret i NVBF	7
Vedlegg 1	8
Årsmelding 2023 - Sotra Volleyballklubb	8
Styret 2023-2024	8
Valnemnd 2023-2024	8
Kontrollutval 2023-2024	9
Medlemmar per 31.12.2023	9
Trenarar for dei ulike laga	9
Oppsummering av idrettsaktiviteten og andre aktivitetar 2023	9
Arbeidsoppgåver 2023	10
Arbeidsoppgåver 2024	12
Rapportar frå trenarane	13
Vedlegg 2	16
Årsrekneskap 2023	16
Kontrollutvalgets beretning for 2023	18
Orientering frå kasserar	18
Vedlegg 3	20
Budsjettforslag	20
Inntekter	20
Utgifter	21

Saker:

1. **Godkjenning av frammøtte og stemmerett**
2. **Godkjenning av innkalling, saksliste, møtereclar og forretningsorden**
3. **Val av:**
 - a) Dirigent
 - b) Sekretær
 - c) To representantar til å skriva under protokollen
4. **Årsmeldinga til Sotra Volleyballklubb 2023**
5. **Årsrekneskap 2023**
6. **Budsjettforslag 2024**
7. **Kontingent og treningsavgift**
 - a) Kontingent
 - b) Treningsavgift
8. **Innsendte saker/orienteringar**
9. **Lovnorm for idrettslag**
10. **Val av:**
 - a) Styre
 - b) Kontrollutval
11. **Andre val:**
 - a) Valnemnd
 - b) Utsendingar til årsmøtet i Øygarden idrettsråd
 - c) Utsendingar til regionstinget i Hordaland volleyballregion
 - d) Utsendingar til forbundstinget i NVBF

Orientering om sakene:

1. Godkjenning av frammøtte og stemmerett

Leia av styreleiar Mikael Tangen.

Forslag til vedtak: Årsmøtet stemmer for at Magne Mikael Tangen og Vegard Asphaug Mortensen godkjenner frammøtte og dei som har stemmerett.

2. Godkjenning av innkalling, saksliste, møtereclar og forretningsorden

Leia av styreleiar Mikael Tangen.

Forslag til vedtak: Årsmøtet godkjenner innkallinga, sakslista, møtereclar og forretningsorden.

3. Val av:

a) Dirigent

Leia av styreleiar Mikael Tangen.

Forslag til vedtak: Årsmøtet godkjenner Jens Knabben som dirigent.

Dirigent leiar årsmøtet vidare.

b) Sekretær

Forslag til vedtak: Årsmøtet godkjenner Magne Mikael Tangen som sekretær.

c) To representantar til å skriva under protokollen

Årsmøtet må koma med forslag på to medlemmar som kan skriva under protokollen.

Sekretæren tar kontakt med representantane som skriv under når protokollen er ferdig skriven. Sender så protokollen til styreleiar.

4. Årsmeldinga til Sotra Volleyballklubb 2023

Vedlegg 1

Årsmeldinga til Sotra Volleyballklubb 2023 vert presentert av styreleiar Mikael Tangen.

Forslag til vedtak: Årsmøtet godkjenner årsmeldinga til Sotra Volleyballklubb 2023.

5. Årsrekneskap 2023

Vedlegg 2

Revidert årsrekneskap vert presentert av styremedlem/kasserar Jens Knabben.

Forslag til vedtak: Årsmøtet godkjenner revidert årsrekneskap for 2023.

6. Budsjettforslag 2024

Vedlegg 3

Budsjettforslaget vert presentert av styremedlem/kasserar Jens Knabben.

Forslag til vedtak: Årsmøtet godkjenner forslag til budsjett for 2024.

7. Kontingent og treningsavgift

Styremedlem/kasserar Jens Knabben orienterer om sakene og fremmar forslag til vedtak.

a) Kontingent

Forslag til vedtak: Årsmøtet stemmer for at kontingenten på kr 100,- per år vert vidareført.

b) Treningsavgift

Styret meiner treningsavgifta bør aukast. Grunnen er auka kostnader for å drifta klubben. Nytt styre får i oppgåve å utarbeida nye satsar for treningsavgifter. Avgiftene må vera ulike for aldersgrupper, treningstilbod og ha eit familietilbod. Dei nye satsane må ikkje overskrida treningsavgiftene andre klubbar har.

Forslag til vedtak: Årsmøtet godkjenner at nytt styre får i oppgåve å utarbeida nye satsar for treningsavgifter.

8. Innsendte saker/orienteringar

Historisk oversikt

Mikael Tangen vil laga ei oversikt av drifta av Sotra VBK frå 2007 - 2024.

Sotra VBK har hatt ei interessant utvikling frå 2007 og til i dag, frå breiddeklubb til også ha lag i 1. divisjon. Medlemstalet har også auka i dette tidsrommet.

Historien om etableringa av klubben i 1979 er allereie skriven, men toler ei breiare, meir detaljert framstilling. Eg har vore aktiv medlem frå 1980; trenar for herrelag og damelag til tidleg på 1990-talet. Frå 2009 har eg vore trenar for gutelag og 1.

divisjonslag. Saman med Per-Ole Ingebrigtsen fekk vi klubben med på toppsatsing slik at ungdommar på Sotra skulle få høve til å spela volleyball på toppnivå.

I ei årrekke har eg vore styreleiar fram til i dag. Motvillig og av ulike grunnar måtte eg ta vervet på meg.

Eg vil føra i pennen klubbarbeidet i perioden 2007 til 2024, og det vert lagt mest vekt på dette: Arbeidet til trenarane og valde representantar til ulike verv. Støtte frå føresette. Utfordringar og utviklingsarbeid som styreleiar saman med styret. Utvikling av lag, systematikk i treningsarbeid, visjon, treningslokale og treningstider. Gode opplevingar for lag og medlemmer på alle nivå. Respektfull kommunikasjon og lytting til ulik argumentasjon.

Sotra VBK er landskjent for gode prestasjonar med gutelag i NM, arrangør av aldersbestemt NM, arrangør av europacupkampar i Sotra Arena, treningssamlingar med herrelandslaget og landskampar med landslaga til England, Ungarn og Israel, samarbeid med politi og PST for tryggleik sidan Israel var deltakarnasjon.

God kommunikasjon med NVBF og HVBR var nøkkelen til internasjonale arrangement. God informasjon til det europeiske volleyballforbundet om oppmerking av baner, transport, vakthald og fasilitetar i Sotra Arena som tilfredsstilte krav for å få slike arrangement, godt samarbeid med trenarane til herrelandslaget og Viking var avgjerande for tildelinga.

Mikael Tangen
Styreleiar Sotra Volleyballklubb

Status for H1

Sesongen 2023/2024 kom førstedivisjonslaget til Sotra Volleyballklubb på 7. plass i serien. Laget er dermed sikra plass i førstedivisjon sesongen 2024/2025.

Spelarstallen er liten for tida, og tidleg rekruttering i vår må til for at laget skal ha nok kvalifiserte spelarar for å delta i førstedivisjon.

Bøter må betalast om Sotra Volleyballklubb må trekka laget frå førstedivisjon etter bestemte fristar.

Hurtigarbeidende rekrutteringskomité må veljast raskt.

Styret

9. Lovnorm for idrettslag

Leia av styreleiar Mikael Tangen.

Lovnorma finn de på Sotra Volleyballklubb si heimeside:
<https://sotravolley.net/nyhende.html>

Forslag til vedtak: Oppdatert lovnorm vert godkjend av årsmøtet.

10. Val av:

a) Styre

Jens Knabben leiar valet av nytt styre.

b) Kontrollutval

Jens Knabben leiar valet av nytt kontrollutval.

11. Andre val

a) Valnemnd

b) Utsendingar til årsmøte i Øygarden idrettsråd

c) Utsendingar til årsmøte i Hordaland Volleyballregion

d) Utsendingar til årsmøte i forbundsstyret i NVBF

Forslag til vedtak: Nyvalt styre gjennomfører desse vala.

Vedlegg 1

Årsmelding 2023 - Sotra Volleyballklubb

Styret 2023-2024

Verv	Namn	Periode
Styreleiar	Mikael Tangen	2023-2024
Nestleiar	Renate Turøy	2023-2024
Styremedlem	Jens Knabben	2022-2024
Styremedlem	Nils Magne Vardøy	2022-2024
Styremedlem	Vegard Asphaug Mortensen	2022-2024
Styremedlem	Cathrine Hartwig	2022-2024
Varamedlem	Maiia Slobodaniuk	2023-2024

Valnemnd 2023-2024

Verv	Namn	Periode
Leiar	Peter Brennhaug	2023-2024
Medlem	Trond Bergfjord	2023-2024

Kontrollutval 2023-2024

Verv	Namn	Periode
Medlem	Ole W. Mortensen	2023-2024
Medlem	Trond Bergfjord	2023-2024

Medlemmar per 31.12.2023

	6-12 år	13-19 år	20-25 år	26+ år	Totalt
Menn	0	9	14	40	63
Kvinner	7	22	6	31	66
Totalt	7	31	20	71	129

Trenarar for dei ulike laga

Lag	Trenar
Mini/U13	Geir Andre Thomassen
U15/17J	Renate Turøy / Julio Halland
U19G	Markus Fondenæs / Markus Borge
Trim	Marianne Hufthammer
H2/3.div	Markus Borge
D2/3.div	Renate Turøy
H 1.div	Nils Ivar Brennhaug / Jens Knabben

Oppsummering av idrettsaktiviteten og andre aktivitetar 2023

Aktiviteten i 2023 har vore stor med treningar, kampar, turneringar og annan møteverksemd. Føresette, spelarar og andre medlemmar har vore aktive for at gjennomføringa av idrettsaktiviteten og andre sider ved drifta av klubben har fungert effektivt. Sotra VBK har som mål å tilretteleggja for ein triveleg idrettskvardag og eit godt sosialt miljø der alle skal kjenna meistring og glede ved å delta.

Styret har hatt møte om lag ein gong i månaden. Kva saker styret har arbeidd med, finn du på heimesida til klubben. Det har vore møteverksemd mellom styret og andre aktørar som er aktive for drifta av klubben: føresette, spelarar, trenarar/kontaktpersonar og kontrollutvalet. E-post, SMS, telefon og Spond er mykje brukt i kommunikasjonen mellom ulike aktørar. Svært viktig er også dei spontane verbale diskusjonane for å finna hurtige løysingar på problemstillingar.

Kommunikasjon med NVBF, HVBR, TV (ToppVolley) og andre som sentralt legg til rette for kursing av trenarar og dommarar, har vore godt og følgt opp.

Arbeidet med å få gode treningstider og høvelege treningslokale er intensivt. Tilbodet frå Øygarden kommune dei siste åra har vore til hinder for både rekruttering og treningsutbyte; berre seine treningar for seniorlaga, slutt kl. 22:30 og for sein treningstid for U13-spelarane.

Møteverksemd med administrasjonen i Øygarden kommune og idrettsrådet har ikkje ført fram til betre treningstid og treningslokale. Styreleiar har i møte med ordførar og varaordførar diskutert treningstid og treningsarenaer klubben får tildelt, og sett krav om at dette vert retta opp. Så får vi sjå kva som vert presentert for klubben for neste sesong.

På årsmøtet 2023 vart styret oppmoda å gjennomføra ein del oppgåver. Oppgåvene finn du under "Arbeidsoppgåver 2023". Gjennomføringa er kort skissert. Mykje er gjennomført, noko står att og må arbeidast vidare med i 2024. Andre oppgåver krev kontinuerlig oppfølging neste år og i åra som kjem.

Styret vil takka alle medlemmane og andre som gjer ein innsats for klubbdrifta slik at treningar, seriespel, kioskdrift, transport og oppfølging på andre måtar vert gjennomførte på ein effektiv og god måte.

Saman gjer vi Sotra Volleyballklubb til ein klubb der alle skal trivast.

Arbeidsoppgåver 2023

1. Rekruttering

Dette er ei vanskeleg oppgåve i konkurranse med andre idrettar. Ugunstige treningstider og mange treningsarenaer gjer rekruttering ekstra vanskeleg.

Nytt av året er rekruttering av eit GU19-lag. Godt jobba av Markus Fondenæs og Julio Halland.

2. Tydeleg arbeidsfordeling

Mange har fått tydelege arbeidsoppgåver, men dette må arbeidast vidare med og konkretiserast.

3. Tettare samarbeid mellom lag, trenarar, føresette og valde representantar i klubben

Dette har vore drøfta i ulike organ i klubben og det må arbeidast vidare med. Det fungerer ikkje godt nok slik det er i dag. Medlemmar sine meiningar om drifta i klubben må møtast med respekt, uansett kor lågmelt det vert framført.

4. Interne arrangement for å fremja klubbkjensle

Jente- og damelaga greier samla seg til ulike felles arrangement. Andre lag har ikkje teke initiativ til dette. Alle medlemmer burde få ta del i fellesarrangement som er svært viktig for å fremja klubbkjensle.

5. Trenar- og dommarutdanning

Det må leggjast tilrette for medlemmar som vil auka trenarkompetansen sin. HVBR har eit stort behov for dommarar.

6. Skaffa fleire sponsorar og dugnadsoppdrag

Dette har vorte lite prioritert. Vanskeleg å få dugnadsoppdrag. Nokre trenarar - Markus Fondenæs, Julio Halland og Renate Turøy - har vore svært aktive for å få sponsorar til å bidra med midlar til drifta av klubben. Midlane vert brukte til arrangement som NMU17, gallaturnering og interne arrangement. Kiwi og Rema 1000 sponsar med kioskvarer.

7. Betre treningstilbod

Særleg må vi få fleire treningstider i Sotra Arena.

Viser seg vanskeleg å få gjennomslag for klubben sine ønskje. Problema vi har er diskuterte med administrasjon og politisk leiing, ordførar og varaordførar i Øygarden kommune.

8. Søknad om midlar til drifting av klubben

Sparebanken Vest har vore ein viktig bidragsytar.

NVBF har gitt klubben ein del treningsutstyr.

Fleire samarbeidspartnarar hadde vore ønskjeleg.

Driftige trenarar til jentelaga er aktive i å skaffa midlar til drifta.

9. Oppretting av sportsleg utval, komité for organisering av turneringar, seriekampar og vakthald

Sportsleg utval fungerer ikkje etter intensjonen.

Organisering av turneringar, seriekampar og vakthald fungerer.

Kommunikasjonen mellom ulike aktørar i klubben må arbeidast med om vi skal få ein meir robust organisasjon.

10. Vakthald i Bildøyhallen

Avtalen om tilsyn vert vidareført sesongen 2024-2025.

Organiseringa fungerer. Vegard Mortensen og Mikael Tangen har arbeidd med å organisera tilsynet.

11. Rydding i lagerrom

Ofte rotete i lagerromma. For å få betre orden og oversikt må klubben få større og betre lagerrom. Aktive medlemmar i klubben må hjelpa til med rydding.

Arbeidsoppgåver 2024

Styret arbeider vidare med dei same arbeidsoppgåvene som var aktuelle for 2023.

Det er framleis mykje å forbetra, og mange oppgåver vert dei same år etter år.

1. Rekruttering
2. Tydeleg arbeidsfordeling
3. Tettare samarbeid mellom trenarar, lag, føresette og valde representantar i klubben
4. Skapa gode relasjonar og respektera andre sine meiningar
5. Interne arrangement der forskjellige lag er saman for å fremja klubbkjensle
6. Trenar- og dommarutdanning
7. Skaffa fleire sponsorar og dugnadsoppdrag
8. Få betre treningstilbod

9. Oppretting av sportsleg utval
10. Komité for organisering av turneringar og seriekampar
11. Gode vaktrutar i Bildøyhallen
12. Rydding i lagerrom/fleire lagerrom i Bildøyhallen
13. Kontaktperson

I tillegg til trenar og assistenttrenar bør alle lag ha ein kontaktperson. Trenar kan også vera kontaktperson dersom det er mest praktisk. Kontaktpersonen bør få derfinerte oppgåver.

14. 1. div. lag

Sotra VBK bør ha eit 1. div. lag. Styret og sportsleg utval må leggja føringar for korleis klubben skal kunna gje spelarar eit tilbod på 1. div. nivå.

Rapportar frå trenarane

JU17 - Julio Halland

Vi har deltatt i alle U17 turneringar som vi har variert litt i prestasjon der vi har spilt i to serierunder i 1. div. og to serierunder i 2. div. Og vi skal delta i NM i april i Haugesund. Og vi har deltatt i U19 turneringar der vi har gjort det bra. Og juniorer får vera med og spela i 2. div. og 3. div. for damer. Vi har noen spillere som kommer innom og prøver seg og så slutter de. Men sånn er det, vet du.

D2 - Renate Turøy

Det har vore godt oppmøte på treningane. Laget har to treningar for veka i Bildøyhallen, måndagar 19:00 - 21:30, torsdagar 20:00 - 22:00. Til vanleg møter 7-10 spelarar på trening, men det kan møta opptil 12 spelarar. 7-10 spelarar møter til kampene.

To nye spelarar har slutta seg til laget denne sesongen. 2. divisjonslaget er plassert på 5. plass på tabellen. 9 lag deltar i seriespelet. Serien er ikkje ferdig spelt.

D3 - Lene Synnøve Halvorsen

I år har klubben hatt et damelag i 3. divisjon som har spilt i serien. Laget har bestått av en god blanding av junior- og damespillere og det har i alt vært 19 ulike spillere med på kampene. Da det er lov å ha med to spillere fra 2. divisjon på kampene i 3.

divisjon har dette stort sett blitt gjort på alle kampene. Renate er primus motor for laget og har vært med på alle kampene, og til tross for en del omskiftninger i personer som er med har laget hatt bra samspill. Etter å ha vunnet 8 av 10 spilte kamper ligger laget nå på 4. plass på tabellen med fire kamper (tre borte og en hjemme) igjen å spille. De gjenstående kampene er mot lag 3D har spilt jevnt med eller vunnet mot i forrige kamp, så det blir spennende å se hvor laget til slutt ender på tabellen.

Juniorene har vist at de takler godt å spille i 3. divisjon, men samtidig er det bra at vi har en god kjerne med damespillere som fungerer godt sammen på banen.

H1 - Nils Ivar Brennhaug

Vi hadde et godt håp om å få en sterk spillerstall denne sesongen, noe vi i teorien har, men sene treninger og veistenginger som dobler reisetiden til og fra trening har ført til stor slitasje og for lite treningsutbytte. Det er også et moment at de som var ungdom og studenter nå er blitt voksne menn i full jobb, noe som gjør at fleksibiliteten for å få nok søvn og mat nå er mindre. Vi har ambisjoner om å utvikle spillerne som kommer til oss. Fordi vi må rekruttere utenfra, må vi utvikle spillere til 1.divisjonsspillere og vi må gi de spilletid som en del av den utviklingen. Dermed må vi alltid balansere kortsiktig gevinst mot langsiktig utvikling. Vi har så langt tatt sett fra eller hatt settballer mot alle lagene vi har spilt mot, toppnivået vårt er godt.

I skrivende stund ligger laget på nedrykks plass, utfallet av de tre siste kampene avgjør om vi rykker ned eller kaprer en sjetteplass eller noe mellom. Uansett vil vi etter sesongslutt gjennomføre en grundig evaluering med spillerne for å se på hvordan vi skal drive H1 i fremtiden. Noe må gjøres for å få et mer stabilt treningsoppmøte, så vi vil se både på rammer, organisering, ledelse og innhold.


Hvilken divisjon vi spiller i neste sesong er langt fra avklart og vi vet at andre klubber vurderer sin satsning og hvilken divisjon de ønsker å spille i, så det kan være at dette ikke er avklart før i mai eller august. Budsjett og planer vedtatt på årsmøtet må derfor gjenspeile ulike alternativ.

Underskrifter




Mikael Tangen

Styreleiar




Renate Turøy

Nestleiar




Jens Knabben

Styremedlem




Vegard Asphaug Mortensen

Styremedlem



Cathrine Hartwig

Styremedlem



Nils Magne Vardøy

Styremedlem

26.03.2024

Møvik

Vedlegg 2

Årsrekneskap 2023

Resultatrapport - Sotra Volleyballklubb

Regnskapsår: 2023
Utskriftsdato: 19.03.2024

Konto	2023	2022
Driftsresultat		
Driftsinntekter		
Salgsinntekter		
3100 Salgsinntekter, avgifts...	10 625	-10 625
3120 Sponsorinntekter	-80 000	-18 000
3200 Salgsinntekt utenfor av...		
Salgsinntekter	-69 375	-28 625
Andre inntekter		
3400 Kommunalt tilskudd	-14 900	-28 274
3401 Aktivitetsstøtte fra NIF	-98 861	-72 522
3402 Grasrotmidler - Norsk T...	-12 081	-9 308
3410 Dugnad	-188 972	-183 000
3450 Kundeutbytte bank	-344	-276
3920 Medlemskontigent - SVBK	-13 110	-15 800
3921 Treningsavgift - SVBK	-39 086	-41 720
3922 Lisens - NVBF	1 000	2 150
3928 Refusjon medlemskonting...	1 160	
3931 Honorar arrangementer -...		-21 250
3990 Salg av varer og tjenes...	-6 000	-1 000
3991 Salg kiosk	-13 899	-37 618
3995 Egenandel turnering		-7 000
3998 Egenandel reisekostnader	-2 512	-13 630
Andre inntekter	-387 604	-429 248
Driftsinntekter	-456 979	-457 873
Driftskostnader		
Varekostnad		
4201 Innkjøp av drakter	22 899	9 120
4202 Innkjøp av baller	836	15 695
4300 Innkjøp varer for vider...	12 212	16 078
Varekostnad	35 946	40 893
Annen driftskostnad		
6570 Arbeidsklær og verneutstyr	809	
6580 Sportsrekvisita og - ut...	8 395	19 537
6860 Møte, kurs, oppdatering...	6 000	14 423
7040 Forsikringer	8 307	7 911
7140 Reisekostnad, ikke oppg...	262 896	231 806
7401 Lisenser - NVBF	2 400	
7410 Kretskontigent - HVBR	4 000	4 000
7452 Seriepåmelding - NVBF	72 200	43 050
7456 Turneringspåmelding	38 038	45 850
7700 Dommerhonorar	50 835	49 268
7770 Bank og kortgebyrer	1 129	366
7780 Gebyr buypass betaling ...	2 057	3 013
7790 Annen kostnad	988	870
Annen driftskostnad	458 054	420 094
Driftskostnader	493 999	460 986
Driftsresultat	37 020	3 113
Finansinntekter og finanskostnader		
Finansinntekter		
Finansinntekter		
Finanskostnader		
Finanskostnader		
Netto finansresultat		
Ordinært resultat før skattekostnad	37 020	3 113
Skattekostnad på ordinært resultat		
Skattekostnad på ordinært resultat		
Ordinært resultat	37 020	3 113
Årsresultat	37 020	3 113
Overføringer og disponeringer		
8960 Overføring annen egenka...	-37 020	-3 113
Overføringer og disponeringer	-37 020	-3 113

BAS21 - bas21.no

Balanserapport - Sotra Volleyballklubb

Regnskapsår: 2023
Utskriftsdato: 19.03.2024

Konto	2023	2022
Eiendeler		
Anleggsmidler		
Immaterielle anleggsmidler		
1040 Lisenser	3 300,00	1 700,00
Immaterielle anleggsmidler	3 300,00	1 700,00
Anleggsmidler	3 300,00	1 700,00
Omløpsmidler		
Varelager		
1460 Innkjøpte varer for vid...	6 337,60	6 337,60
Varelager	6 337,60	6 337,60
Fordringer		
Kortsiktige fordringer		
1500 Kundefordringer	66 125,00	66 125,00
1510 Kundefordring - egne me...	10 383,90	10 383,90
1511 Kundefordring - NVBF	-11 340,00	-11 340,00
Kortsiktige fordringer	65 168,90	65 168,90
Fordringer	65 168,90	65 168,90
Bankinnskudd, kontanter og lignende		
1920 Bank	98 288,28	139 408,49
Bankinnskudd, kontanter og lignende	98 288,28	139 408,49
Omløpsmidler	169 794,78	210 914,99
Eiendeler	173 094,78	212 614,99
Egenkapital og gjeld		
Egenkapital		
Opptjent egenkapital		
2050 Annen egenkapital	173 094,78	210 114,99
Opptjent egenkapital	173 094,78	210 114,99
Udisponert resultat		
Egenkapital	173 094,78	210 114,99
Kortsiktig gjeld		
Skyldige offentlige avgifter		
2700 Utgående merverdiavgift...		2 500,00
Skyldige offentlige avgifter		2 500,00
Kortsiktig gjeld		2 500,00
Gjeld		2 500,00
Egenkapital og gjeld	173 094,78	212 614,99

BAS21 - bas21.no

Kontrollutvalgets beretning for 2023

Takk for oppdatterert rapport, det var godt å se og denne balansere. Da balansen og resultatet er endret for 2022 i tillegg til 2023 så bør det lages ein tekst som forklarer endringene i 2022 regnskap. Det er også ein betydelig økning i kundefordringer i 2022 og 2023, er denne reell eller skal deler av denne tapsføres? Det må lages en tekst som beskriver bakgrunnen for denne økningen på kundefordringer, og kva disse består i. Regnskapet viser at 2022 at klubben har underskudd, og i 2023 ett større underskudd. Styret må vurdere denne trenden og dette underskuddet i sin årsmelding, samt utsiktene for 2024 inkl realismen i kundefordringene.

Ole Wilhelm Mortensen
Trond Bergfjord

Orientering frå kasserar

Problemer med balansen førte til utsettelse av planlagt årsmøte. En gjennomgang med NIF medførte en del endringer i resultatet og balansen for 2022, som legges frem til årsmøte med ønske om godkjenning.

NIF anbefaler også over til f.e. Fiken eller et annet nettbasert regnskapsprogram som ikke tillater sånne feil som har skjedd i BAS21. En annen anbefaling til 2024 er å se gjennom "kortsiktige fordringer" konto 1500, 1510 og 1511 for regnskap 2024 i nytt program, som da skal avklares ila 2024.


Regnskap viser negativt resultat for andre år på råd, som delvis skyldes på flere turnerings- og seriepåmelding og høyre reisekostnader (de fleste reiser for sesongen 23/24 blir gjennomført eller betalt i 2023).

Jens Knabben


Underskrifter




Mikael Tangen
Styreleiar




Renate Turøy
Nestleiar




Jens Knabben
Styremedlem



Vegard Asphaug Mortensen
Styremedlem



Cathrine Hartwig
Styremedlem



Nils Magne Vardøy
Styremedlem

26.03.2024

Møvik

Vedlegg 3

Budsjettforslag

Inntekter

	2024 (kr.)	2023 (kr.)
Medlemskontingentar	10 000	10 000
Treningsavgift	40 000	40 000
Eigendel reiser/overnatting	0	0
Turneringar/arrangement	10 000	10 000
Kiosk	20 000	35 000
Vakthald i Bildøyhallen	102 000	102 000
Sponsorinntekt/dugnad	8 000	8 000
Kommunale tilskot	18 000	18 000
Aktivitetsstøtte	50 000	50 000
Momskompensasjon	15 000	15 000
Renteinntekter	3 000	1 000
Grasrotmidlar	10 000	5 000
Støtte - Sparebanken Vest	0	80 000
Sum	286 000	374 000

Utgifter

	2024 (kr.)	2023 (kr.)
Kontingentar	15 000	4 000
Seriepåmelding 1. og 2. divisjon	40 000	40 000
Turneringspåmelding 3. divisjon/aldersbestemte lag	20 000	20 000
Drakter	5 000	20 000
Ballar og diverse utstyr	20 000	60 000
Innkjøp kiosk	10 000	15 000
Trenarstipend	0	0
Rekruttering	10 000	10 000
Utdanning trener/dommar	10 000	10 000
Reiseutgifter 1. divisjon/2. divisjon/aldersbestemte lag	110 000	150 000
Administrasjon	6 000	5 000
Dommarutgifter 1. og 2. divisjon	40 000	40 000
Refundert kontingent/treningsavgift	0	0
Sum	286 000	374 000